



Høring – vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune

Kommunane Lindås, Meland og Radøy slår seg frå 01. januar 2020 saman til Alver kommune. Vedtekter som sit rammer for dei kommunale barnehagane i dei tre noverande kommunane må erstattast med nye. Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sender med dette forslag til nye vedtekter for kommunale barnehagar i Alver ut på høring.

I Barnehagelova § 7 står det mellom anna, sitat: *Barnehageeieren skal fastsette barnehagens vedtekter. Vedtektene skal gi opplysninger som er av betydning for foreldrenes / de foresattes forhold til barnehagen, herunder*

- a. Eierforhold
- b. Formål, jf §§ 1 og 1 a
- c. Opptakskriterier
- d. Antall medlemmer i samarbeidsutvalget
- e. Barnehagens åpningstid

Godkjente virksomheter skal være registrert i Enhetsregisteret.

Høringsinstansane vert no inviterte til å gje si vurdering av framlegget.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur inviterer høringsinstansane til å gje si vurdering av utkastet.

Frist for høringa er **06. januar 2020**

Høringspartar er Samarbeidsutvala (SU) ved barnehagane i noverande Lindås, Meland og Alver, avdeling for funksjonshemma, forvaltningskontoret, økonomiavdelinga, PPT og råda for funksjonshemma.

Uttale kan sendast til: postmottak@alver.kommune.no

Merk uttalen: Høring – vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune.

Med helsing

Kristin Moe

Kommunalsjef Oppvekst

Vedlegg: Framlegg til vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune